

## Svar på spørsmål frå Arve Helle (AP) - Manglande SMS-varsling om stengd fv. 609 Askvoll - Førde

Arve Helle har i e-post av 6.1.2021 sett fram følgjande spørsmål:

«Eg har fått tilbakemelding om at varslingsstenesta på SMS om stengd fv 609 Askvoll-Førde ved dårleg vær vart stoppa etter omlegging til ny fylkeskommune.

Det er eit sterkt ønske lokalt om å ha denne tenesta då dette gjorde kvardagen enklare for dei reisande på ein veg som ofte blir stengd ved dårleg vær.

Er det aktuelt å opprette denne tenesta i Vestland?»

Vårt svar:

Statens vegvesen oppretta SMS-varsling på dei mest skredutsette strekningane i Sogn og Fjordane. Denne varslinga fungerte slik at alle som melder seg på tenesta får ein SMS når vegen er stengt grunna skred, eller stengast grunna fare for skred.

Dette gjeld strekningane:

- Fv. 5641 Hafslo - Veitastrand
- Fv. 5722 Sunde - Flo
- Fv. 5723 Loen - Kjendalen
- Fv. 5724 Olden - Briksdalen
- Fv. 5744 Fossebakken - Navelsaker
- Fv. 609 Førde - Askvoll

Den første strekninga som fekk denne tenesta var Sunde - Flo ca. 2008, og dei andre strekningane kom med i samband med ny driftskontrakt for Nordfjord i 2011.

Hordaland har ikkje hatt denne tenesta.

Ved ei skredhending i Oldedalen i november 2020 vart vi kjende med at denne tenesta ikkje lenger fungerte. Vi sjekka dette, og har kome fram til at den gjekk ut i samband med avviklinga av sams vegadministrasjon ved årsskiftet 2019-2020.

Etter møte med Vegtrafikksentralen (VTS) og ordførarane i dei aktuelle kommunane sette vi i gang eit arbeid for å få tenesta på plass att. Vi ventar at leverandøren vil ha dette klart i løpet av januar 2021.